

Føresegner til motorferdselplan – Vinje kommune

§ 1.0 Overordna rammer for motorferdselplan

Kommunedelplanen med plankart og føresegner er utarbeida etter plan og bygningslova § 20-4. Forsøksordninga med kommunedelplan for motorferdsel i utmark, er basert på lov av 26.juni 1992 nr 87, om "Forsøk i offentlig forvaltning". Arbeidet har utgangspunkt i motorferdsellova av 10. juni 1977 og forskrift om vedtekter om forvaltning av motorferdsel i utmark og vassdrag vedteke av Vinje kommunestyre den 05.04.2001. Motorferdselplanen gjeld til 10. oktober 2004. Motorferdsellova av 10. juni 1977 gjeld i forsøksperioden med unntak av §§ 4 tredje ledd, 4a, 5 og 6. Planutvalet vedtok i møte 19.03.03, 25.06.03 og 26.11.03 enkelte mindre endringar og presiseringar i planen.

§ 1.1 Løyve med heimel direkte (gjeld alle soner)

Motorferdsel er generelt ikkje tillete med mindre den går inn under § 4 fyrste ledd i motorferdsellova, § 5 i vedtektene til forsøket eller i vedteken motorferdselplan i Vinje kommune:

Motorferdsellova § 4, 1. ledd (løyve med heimel direkte i lova)

Utan hinder av § 3 i motorferdsellova er motorferdsel tillete i samband med:

- a) Politi-, ambulanse- og redningsteneste og oppsyns- og tilsynsteneste etablera med heimel i lov.
- b) Offentlege post- og teletenester,
- c) Nødvendig person- og godstransport til og frå faste bustadar og i jordbruks-, skogbruks og reindriftsnæring. Jakt, fangst, fiske og bærsanking reknast ikkje som næring i denne samanheng,
- d) Forsvarets øvingar, forflyttingar og transport,
- e) Anlegg og drift av offentlege vegar og anlegg,
- f) Rutetransport som drivast med løyve i medhald av samferdsellova.

Løyve med heimel direkte i vedtekta § 5:

Motorkøyretøy kan utanfor veg nyttast til:

- a) Transport av jaktutbytte ved jakt på elg og hjort
- b) Nødvendig transport i samband med fiskekultiveringstiltak i offentlig regi,
- c) Nødvendig transport i samband med anlegg og drift av vegar og større anlegg,
- d) Nødvendig transport av ved.
- e) Transport av grupper for bebuarar på helse- og omsorgsinstitusjonar, medlemmar av pensjonistforeningar eller forflytningshemma. Turane må vera i regi av helse/omsorgsinstitusjonar eller ideelle organisasjonar. Løyve kun for særskilte turmål og næraste løypenett.

§ 1.2 Tilhøvet til grunneigarretten (motorferdsellova § 10)

- a) Korkje motorferdsellova eller utfyllande føresegner innskrenkar grunneigars rett til å nekte motorferdsel på sin eigedom, jfr. Motorferdsellova § 10.

Løyve som vert gjeve i medhald av motorferdselplan er ikkje gyldige før det er gjeve samtykke

til køyring frå grunneigar. For tildeling av raude løyve er det naudsynt med samtykke frå grunneigarar for å kunne få løyve.

§ 1.3 Sakshandsaming/dispensasjonar/klage

Kommunen gjer enkeltvedtak etter motorferdselplanen vedteken av Vinje kommunestyre. Søknadene vert handsama administrativt. Ved vurdering av saker der det i planen er sagt at det *kan* gjevast løyve, skal det leggjast vekt på kor naudsynt transporten er. I tvilstilfelle skal det i samråd med viltkonsulenten i kommunen leggjast vekt på i kor stor grad transporten vil ha negative verknader på vilt, natur, miljø og friluftsliv. I løyvet kan det setjast vilkår/avgrensingar som t.d. antal turar, periode/dato, køyrerute, start/endepunkt, osv. Eventuelle klager vert handsama av Fylkesmannen i Telemark.

Plan- og miljøutvalet handsamar søknader om transportløyve samla. Frist for å søkje om transportløyve skal annonserast i god tid kvar haust. Dette gjeld ikkje særskilde transportløyve til grunneigarar etter § 7 e). Desse vert handsama administrativt.

Tilsynsutvalet for Hardangervidda nasjonalpark handsamar saker som gjeld køyring i nasjonalparken.

Løyve fylgjer person og gjeld i kommunestyreperioden.

Etter søknad kan det gjevast dispensasjon frå motorferdselplanen, jfr. Plan og bygningslova § 7. Dispensasjonssaker skal handsamast av det faste utvalet for plansaker, med Fylkesmannen i Telemark som klageinstans.

Plan- og miljøutvalet kan gjere mindre endringar av motorferdselplanen, dersom det kjem fram uføresette problem/tilhøve i samband med praktisering av planen.

§ 1.4 Straffeansvar

Ved brot på desse føresegner, gjeld motorferdsellova § 12.

§ 2.0 Utfyllande føresegner til motorferdselplan

§ 2.1 Generelle reglar for motorferdsel (gjeld alle soner)

- a) All motorisert ferdsel i utmark skal skje så skånsamt som mogleg av omsyn til planteliv, dyreliv og friluftsliv.
- b) Køyreløyve skal alltid bringast med under køyring.
- c) Køyretøyet må vere registrert, dvs. løyvet gjeld under denne føresetnad.

I samband med tildeling av gule og raude løyve i medhald av planen må det kjøpast plankart med føresegner av "Tenestetorget" i kommunen. Prisen på plankartet er kr. 400,-.

§ 3.0 Særskilt for køyring på barmark

Det er ikkje gjeve opning for løyve til køyring på barmark, anna enn det som er direkte heimla i lovverket, jfr. § 1.1 i føresegnene.

§ 4.0 Særskilt for køyring i vintersesong

§ 4.1 Fellesføresegner (sone 1, 2 og 3)

- a) Kommunen ved kan stenge løypetrasear ved spesielle forhold knytt til vinterbeite for vilt. Kommunen kan også ved andre særskilde høve stenge løypene.
- b) Det er forbod mot køyring med snøskuter i tida frå fyrste måndag i mai og fram til starten på haustsesongen.
- c) All køyring ut frå løypenettet skal skje via kortaste veg og til endepunkt (t.d. hytte, rasteplass, fiskeplass).
- d) Byggjeløyve gjev automatisk køyreløyve for snøskuter ved transport av materialar, utstyr og arbeidsfolk og gjeld i 3 år frå det er gjeve, eller til ferdigattest er utsteda.
- e) Preparering av skiløyper for ålmenta og for konkurransar, samt i skibakkar knytt til turist-/idrettsanlegg er tillate. Dette arbeidet kan utførast i regi av kommune, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistverksemdar. Skiløypene skal vere ein del av etablert/kartfest løypenett (løypekart).
- f) Traseane/løypene i plankartet skal ha ei maksimal breidde på 5 meter. Løyper med ulike føremål som ligg parallelt i plankartet, skal leggjast i ein felles trase. Dette gjeld også preparerte skiløyper. Løypene skal i størst mogleg grad leggjast slik at det ikkje vert naudsynt å fjerne vegetasjon.
- g) Der skuterløyper går parallelt med preparerte skiløyper, skal desse vere fysisk skilt frå kvarandre.
- h) For personar som har legeattest for funksjonshemming kan det gjevast løyve til køyring på delar av, eller heile det raudstipla løypenettet i planen og frå dette og ut til hytte.
- i) Det kan gjevast løyve til naudsynt transport i samband med vitenskaplege undersøkingar som t.d. dyreteljingar o.l., etter oppdrag frå forskingsinstitusjon, og ved oppmålingsoppdrag i offentleg regi.

§ 4.2 Særskilte føresegner i sone 1 og 2

Følgjande køyring er tillate:

- a) Leigekøyring til hytter utført av person med godkjent transportløyve i Vinje kommune.
- b) Leigekøyring til Songa, Totak og Møsvatn i samband med isfiske. Transporten skal gå langs raude eller grøne løyper og kortaste veg ut til fiskeplass.
- c) Transport som er naudsynt for drift av turistanlegg (overnattings- og serveringsstader, skiheisar m.m.) som ikkje ligg til brøyta veg.
- d) Det kan gjevast løyve for køyring til hytte dersom hytta ligg over 2,5 km frå brøytt veg.
- e) Køyring til hytter for hytteeigarar/heimelshavar, samt dei som leiger hytte på åremål. Løyvet vil også gjelde næraste familie, dvs. ektefelle/sambuar og born.
- f) Før løyvet vert gjeve til leigar av hytte, må det leggjast fram standard leigekontrakt
- g) Frakt av vatn frå næraste vasskjelde til hytte er tillate når vasskjelda ligg over 50 meter frå hytta.

§ 4.3 Særskilte føresegner i sone 3

- a) Det kan gjevast løyve til 4 snøskuterturar for oppkøyring av proviant og vedlikehald av hytte. Løyvet kan også nyttast av næraste familie, dvs. ektefelle/sambuar og born.
- b) Køyringa kan og utførast av person med godkjent transportløyve.
- c) § 4.2 f) gjeld også for sone 3

§ 5.0 Luftfartøy

Landing og start med luftfartøy er berre tillate:

- a) På Møsvatn/Skinnarbu, Ståvatn, Vågslivatn og vatn som ligg under 750 m.o.h. Helikopter skal så langt som råd nytte same start og landingsplassar som sjøfly. Landing skal skje ikkje meir enn 150 m frå desse vatna.
- b) I reinsjakta er det tillate å lande på alle vatn utanfor nasjonalparken, frå 3 dagar før jaktstart til 3 dagar etter jaktslutt. I same tidsrom er det tillate å fly i samband med garnfiske. Helikopter har høve til å nytte same start og landingsplassar som sjøfly. Landing skal skje ikkje meir enn 150 m frå desse vatna. Innanfor nasjonalparken er det egne nasjonale forskrifter.
- c) Det kan gjevast løyve (etter søknad) til naudsynt transport i samband med vitenskaplege undersøkingar som td. dyreteljingar og liknande. Etter oppdrag frå forskingsinstitusjonar og ved oppmålingsoppdrag i offentleg regi.
- d) Det kan ved særskilde høve gjevast løyve (etter søknad) til bruk av helikopter i samband med:
 - a. Frakt av materiale ved godkjent byggeløyve og vedlikehald
 - b. Ved transport av hjortevilt i samband med jakt i vanskeleg og utilgjengeleg terreng
 - c. Ved transport av funksjonshemma/eldre.
- e) Det er ikkje høve til å legge ut landingsplassar til fjelltoppar, utsiktspunkt, brear og andre liknande stader som berre har interesse i samband med helikopterskiing, for kortvarig opphald, utgangspunkt for dagsturar eller liknande formål.

§ 6.0 Motorkjøretøy på vatn

- a) Bruk av motorkjøretøy er tillate til naudsynt transport og fiske på vatn. Med naudsynt transport meiner ein:
 - Når vatnet vert nytta som vegsamband til/frå jordbruk, skogbruk, hytte eigedomar og liknande.
 - Til transport av materialar og gods når dette er den beste måten å løyse transporten på.
 - Til transport av jaktutbyte.
 - I samband med garnfiske, næringsfiske og fiskekultivering.
 - Grunneigar eller turistbedrift i området som tek på seg båttransport.
 - Organisera oppsyn, naudsyn transport i samband med naturvitenskaplege undersøkingar o.l., samt oppmåling i offentleg regi
- b) Bruk av båt med motor er tillate på vatn over 2 km² i samband med sportsfiske og anna friluftsliv.
- c) Bruk av vasskuter er ikkje tillate.

§ 7.0 Transportløyve

- a) Transportløyve vert gjeve etter behov. Innehavar av slikt løyve har generelt løyve til utføre transportoppdrag til hytter og transport i samband med isfiske på Totak, Møsvatn og Songa, i heile det området som løyvet gjeld for. Slike løyve medfører også ei plikt til å ta dei transport oppdrag som det er spørsmål etter. Transportløyva vert gjeve for eit år om gongen. Frist for å søkje om transportløyve skal annonserast i god tid kvar haust.

Plan- og miljøutvalet handsamar søknader om transportløyve samla. Rapportering frå året før, saman med vurdering av søknadene i høve til trongen for transportløyve, skal leggjast til grunn ved handsaming av søknader.

- b) I hovudsak skal ein halde seg til eige løyveområde, men når det er naturleg kan ein løyvehavar òg køyre i dei andre sonene.
- c) Alle innehavarar av transportløyve er pliktige til å gje tlf. nr. for kontakt til tenestetorg i kommunen, samt turistinformasjon.
- d) Alle som har transportløyve skal seinast den 15. juni kvart år sende kommunen ein rapport. Denne skal innehalde datoar for oppdrag, og kva som var startpunkt og mål for kvar transport. Manglande rapportering kan føre til inndraging av løyvet og redusere moglegheiten for å få løyve ved nye tildelingar.
- e) All bruk av transportløyvet føreset at ein kan vise til eit konkret transportoppdrag ved ein eventuell kontroll.
- f) Transportløyve kan berre gjevast til fastbuande i Vinje kommune.
- g) Løyvet kan òg nyttast av næraste familie, dvs. ektefelle/sambuar og born.

Vinje kommune er delt i tre transportområde:

1. Edland–Haukelid
2. Åmot/Vinje – Øyfjell
- 3 Rauland – Møsstrond

§ 7.1 Andre løyve

- a) Løyve for grunneigarar. Grunneigarar som ynskjer å ta på seg transport til hytter innanfor eigedommen og til bruk i utmarksnæring, kan søkje om eigne løyve.
- b) Løyve for næringsdrivande. Næringsdrivande som har trong for køyring til hytter i samband med oppdrag, kan søkje om eigne løyve.
- c) Både løyva under § 7.1. kan handsamast administrativt.

§ 8.0 Løypenettet

§ 8.1 Generelt

All køyring i løypene skjer på eige ansvar.

§ 8.2 Grøne løyper

Grøne løyper i plankartet er ein del av vegsamband til fast busetnad langs Møsvatn. I samband med søknad om løyve til hytte e.l., kan det gjevast løyve til å bruke delar av det grønne løypenettet, der dette er naturleg/kortaste veg.

§ 8.3 Raudstipla løyper

1. Vierli – Varland - Vårli
2. Steinbakken - Kråmviki – med samband til løype 1
3. Rauland sentrum – Ådalen med samband til løype 2
4. Åmot – Kostveit – Totak med samband til løype 2
5. Øyfjell – Rorgevatn – Lognvikvatn med samband til løype 3 og 4
6. RV 362 Songakryssset - Songa dam –Trolldalsdammen – Fjarefit
7. Edland (Krossli) – Maurtjønn – Strandbyggje Gravdalen - Sandviki – Raulandsgrend, med samband til løype 4
8. Avstikkar frå løype 7 ved Strandbyggje Gravdalen – Songa kryss
9. Bøgrend – Hylland, med samband til løype 4
10. Haukeliheia (Utgarden – Bordalsvegen)

Snøskuterklubbane i Vinje Kommune skal syte for merking/stikking av løypene i terrenget. Kryssing av vegar skal merkast særskild. I tillegg skal klubbane halde oppsyn med trasear som går over islagde vatn og stenge løyper når isen er usikker. Ved stenging av trasear skal dettemeldast kommunen.

- a) I raude løyper kan det gjevast løyve til rekreasjonskøyring. I desse er det forbod mot køyring med snøskuter mellom kl.24.00 og 06.00.
- b) I løype nr. 6 frå Songa dam til Fjarefit skal køyring vere knytt til jakt, fiske eller bruk av hyttene. Dokumentasjon i form av fiskekort, jaktkort skal visast ved kontroll. Traseen ut frå Trolldalen kan ved særkilde høve stengjast og verte erstatta av løype på vestsida av vatnet. Dette skal gjerast i samråd med grunneigarane og oppsynet på Berunuten.
- c) Løype 1 ved Vårli og løype 6 ved Songadammen skal merkast særskild om at det ikkje er høve til fri køyring vidare innover løypenettet, jfr. punkt b) ovanfor.
- d) Sesongen for køyring i raudt løypenett startar på det tidspunktet kommunen har fått tilbakemelding frå leiarane av skuterklubbane i Vinje om at løypenettet er klargjort for køyring.
- e) Rasting og fiske langs løypene på Songa, Møsvatn og Totak kan skje innafør ei sone på 50 meter ut frå kvar side av traseane. I resten av løypenettet kan rasting skje innanfor ei sone på 25 meter ut frå kvar side av traseane.
- f) På Totak, Songa og Møsvatn kan det i regi av snøskuterklubbane leggjast 5 stikkløyper frå hovudtrase og ut til fiskeplassar. Løypene skal merkast.
- g) I sona mellom raud løype over Totak og busetnaden i områda Arabygdi – Vå – Raulandsgrend - Haddland – Nesland – Skålestrondi, er det høve til å fiske/raste og til å knyte seg inn på raud løype frå busetnaden i grendene. Ein skal freiste å samle køyringa frå grendene i trasear.

§ 8.4 Gule løyper

1. Vierli – Kromviki – Reinar

2. Vierli – Varland – Mogen

- a) I høve til rasting og fising, gjeld same reglar langs gule løyper som for raudstipla løyper. I tillegg kan det søkjast om særskilde stopplassar undervegs på turen. Dette skal leggjast fram på kart ved søknad om løyve og kan berre tillatast innanfor sone 1 og sone 2.
- b) I løype nr. 1 kan det gjevast løyve til organisera turar i samband med bruken av støylen Reinar i turistnæringa. Løypa kan nyttast i tida 01.01 – 15.04.
 - a) I perioden 01.03 – 15.04 skal det før kvar enkelt tur hentast inn opplysningar frå SNO i høve til kor villreinen held seg. Kommunen skal på bakgrunn av desse opplysningar vurdere om det skal gjevast løyve.
 - b) I løype nr. 2 kan det gjevast løyve til organisera turar i regi av etablera reiselivsverksemdar.
 - c) I løypene 1 og 2 kan det søkjast om løyve til det talet snøskuterar som skal vere med på turen. Turane skal vere leia av verksemdene, som ved søknad om løyve må gje melding om kven som kan vere reiseleiar på turane.